



# Årets historieforteljing

ANNA HUSEBY & ELIAS DAHLEN

## HALLINGDØLEN

Med podkasten Røynda – «Trippeldrapet på Geilo» rører Hallingdølen folk langt utover eige dekningsområde. Ved hjelp av solid journalistisk research, imponerende kjeldarbeid og godt lydhandverk fortel dei historia om trippeldrapa på Geilo i 2002.

Røynda, som betyr *sanninga*, går lengre enn å berre fortelja om dei vonde hendingane. Journalistane går inn i historiane rundt drapa som enno ikkje er blitt fortalt, og som i mange år har splitta bygda. Podkasten løfter også større tema rundt psykisk helse og politiarbeid. I slike saker er kjeldarbeidet krevjande, noko Hallingdølen har handtert svært godt både i podkastane, i sakene og i måten publisering i ulike kanalar og format vart planlagt og gjennomført.

Røynda – «Trippeldrapet på Geilo» er årets beste historieforteljing.

Juryen, Hamar 16. mars 2024

*Eva Akerbæk*

*Siri Skaalmo*

*Thomas Frigård*